



# Levende Skog



Standard for eit berekraftig  
norsk skogbruk



# Innhold

4	<b>Levende Skog</b>
	<b>Kravpunkt:</b>
9	1. Arbeidskraft og kompetanse
10	2. Handtering av avfall
11	3. Bekyttelse av skogarealet
11	4. Biologisk viktige område
18	5. Brannpåverka skog
18	6. Fjellskog
19	7. Friluftsliv
20	8. Gamle grove tre og død ved
22	9. Genbevaring – skogstre
23	10. Gjødsling og næringsbalanse
23	11. Hogsformer
25	12. Kantsoner
28	13. Kulturminne og kulturmiljø
29	14. Landskapsplan
30	15. Langsiktig produksjon av virke
31	16. Markberedning
31	17. Myr og sumpskog
32	18. Skogreising og skifte av treslag
33	19. Skogstruktur
34	20. Skogsvegar
34	21. Sprøyting
35	22. Terrengetransport
36	23. Fordeling av treslaga
36	24. Miljøinformasjon
37	25. Samisk rett



## Levende Skog

Levende Skog som omgrep blei etablert i 1998 da det blei semje om standardar for eit berekraftig norsk skogbruk. Det var ei historisk hending. Da blei aktørar innan skogbruk og skogindustri, miljø- og friluftslivorganisasjonar, fagrørsle og forbrukerinteresser for første gong einige om standardar for berekraftig forvaltning av skog.

## Revisjon av Levende Skog

Arbeidet med revisjonen av Levende Skog er gjort i perioden frå 27. august 2003 til 20. oktober 2006 av representantar for følgjande organisasjonar:

Fellesforbundet  
Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO)  
Friluftsrådernes Landsforbund  
Norges Skogeierforbund  
NORSKOG  
SABIMA  
Statskog SF  
Treforedlingsindustriens Bransjeforening  
Treindustrien  
WWF Norge

Leiar for arbeidsgruppa har vore adm. direktør Stein Lier-Hansen, Norsk Industri.

All tekst i dette dokumentet er ein del av det forliket ein kom fram til, ved revisjon av Levende Skog. Det er ved denne revisjonen at ein kom fram til semje om at Levende Skog standardar blir endra til Levende Skog standard, og at reviderte og nye einskildstandardar blir endra til kravpunkt.

## Rådet for Levende Skog

Levende Skog har eit fast råd med namnet ”Rådet for Levende Skog”.

Rådet for Levende Skog skal bidra til kommunikasjon og tillit mellom partane i tida mellom revisjonar, og syte for at ein har eit formelt forum for å klåre av mogleg usemje om tolking av forlik.

I tillegg skal rådet stå for overvaking av målsetjingar knytte til einskilde kravpunkt og setje i verk tiltak om nødvendig.

## Nasjonal standard

Levende Skog er ein nasjonal standard for eit berekraftig norsk skogbruk.

### **Levende Skog sitt mål er eit skogbruk som:**

- Følgjer alle relevante nasjonale lovar og forskrifter.
- Verner om miljøkvalitetane i gamal naturskog.
- Verner om mangfaldet i skoglege økosystem.
- Verner om grunnlaget for levedyktige populasjonar av artar som naturleg hører heime i Noreg.
- Gir grunnlag for aktiv utnytting av skogressursane for lønsam næringsverksemd og verdiskaping.
- Skaper eit godt miljørelatert omdøme for norske skogbaserte produkt i den internasjonale marknaden.
- Tryggjer dei som har arbeidet sitt i skogen slik at dei har eit arbeidsmiljø der helse og tryggleik blir tatt vare på.
- Tryggjer skogen i Noreg slik at han gir grunnlag for eit variert friluftsliv med rike naturopplevingar.
- Bidrar til å verne om kulturminne og verdifulle kulturlandskap.

(Denne lista er ikkje uttømmende.)

## Kravpunkt

Levende Skog sin standard for eit berekraftig norsk skogbruk har 25 kravpunkt som til saman dekkjer område og tiltak som har verknad på miljø eller har vekt ved utøving av skogbruk.

Det einskilde kravpunktet startar med ei kort utgreiing om kva ein ønskjer å oppnå med kravpunktet. Vidare har kravpunkta utgreiing om:

### KRAV OG REGLAR

Krav og reglar er utgreiing om kva skogeigar må gjere for å nå måla som er sette for Levende Skog. Krav kan vere presisering av lovpålagde plikter knytte til forvaltar av skogeigedommen generelt. Det kan vere krav til planlegging eller dokumentasjon på eigdomsnivå og konkrete krav som ein skal følgje ved gjennomføring av hogst og stell av skogen. Reglar er skildring og konkretisering av korleis ein skal praktisere kravet ved hogst og stell av skogen.

### OVERVAKING

Overvaking er utgreiing av krav til skogtilstand på større areal enn den einskilde eigedommen. Her kan Rådet for Levende Skog setje i verk tiltak dersom ein kjem under fastsette minstekrav.

### FORKLARINGAR

For einskilde kravpunkt er det skrive forklaring av ord eller definisjonar brukte under krav og reglar.

## Miljøsertifisering av skogbruk

Levande Skog sin standard kan ein bruke til miljøsertifisering av skogbruk uavhengig av sertifiseringssystem. Kravpunkta er plikter som skogeigarane må følge ved forvaltinga av skogeigedom sin, anten den er direkte sertifisert eller med i ei gruppesertifisering. Krava gjeld på eigedomsnivå så framti ikkje anna er presisert.

## Tilhøvet til lover og forskrifter

Levende Skog sin standard byggjer på lover og forskrifter som regulerer næringsverksemd i skogen. Der lover og forskrifter regulerer næringsverksemda i skog, gjeld føresegner pålagde av styresmaktene framfor Levende Skog sin standard.

Omdisponering av skogareal til andre formål enn landbruksformål blir regulert av norsk lovverk, særleg Plan- og bygningslova og Jordlova, og kan berre skje når styresmaktene etter ei total samfunnsmessig vurdering, har gitt nødvendige løyve.

## Skog med stor verneverdi

I internasjonal skogsertifisering blir omgrepet High Conservation Value Forest brukt, forkorta til HCVE, om skog med stor verneverdi. Slik skog er internasjonalt definert i fire grupper:

1. Skog av global, regional eller nasjonal tyding og verneverdi fordi den inneheld:
  - a. særleg konsentrasjon av spesielt biologisk mangfald (for eksempel endemiske artar, truga artar, skog med refugiekarakter og/eller
  - b. store skogområde som fungerer som eit stabilt økosystem på landskapsnivå og der ein finn gode populasjonar av dei fleste artar som naturleg høyrer til.
2. Skogområde som sjølv er eller inneheld sjeldsynte eller truga økosystem.
3. Skogområde som er særleg viktige for at landskapet skal kunne halde oppe viktige naturgitte funksjonar (for eksempel vassbalanse, avrenning eller erosjon).
4. Skogområde som er viktige for å sikre grunnleggjande behov for lokalsamfunn eller tradisjonell og kulturell eigenart.

## For Noreg kan HCVF-område bli dekte av:

- Biologisk viktige område sett av i samsvar med Levende Skog.
- Nasjonalparker og naturreservat.
- Vernskog sett til vern mot naturskadar i samsvar med Lov om skogbruk, § 12.
- Skogareal regulerte til naturvern- eller friluftsførmål etter Plan- og bygningslova.
- Administrativt verna område.





# Kravpunkt

## 1. Arbeidskraft og kompetanse

Kravpunktet skal sikre at den som gjennomfører skogbrukstiltak, har tilstrekkeleg kunnskap til å gjennomføre arbeidet på ein tilfredsstillande måte i samsvar med denne standarden.

### KRAV OG REGLAR

Skogeigar skal syte for at den som utfører arbeid i skogen, får relevant informasjon om kjende miljøverdiar for denne skogen. Den som utfører arbeidet, skal ha kunnskap om god og berekraftig skogbehandling.

Skogeigar og/eller den som utfører arbeid i skogen for eigaren, skal ha nødvendig kunnskap om arbeidsteknikk og fyrstehjelp, i tillegg til det regelverk som gjeld for helse, miljø og tryggleik ved skogdrift.

Skogeigar og/eller forvaltar må kunne dokumentere at allmenne tryggingstiltak og velferdstiltak blir tatt vare på både for egne tilsette og for tilsette i entreprenørbedrifter.

Skogeigar som arbeider i eigen skog, skal følgje allmenne tryggingstiltak.

### FORKLARINGAR

Skogeigar sitt ansvar for å ”syte for at den som utfører arbeid i skogen, får relevant informasjon om kjend miljøverdi for denne skogen” er avgrensa til dei opplysingane som er tilgjengelege i offentlege register eller opplysingane er av ein slik art at det er naturleg for den einskilde skogeigar å vere kjend med opplysinga.

Skogeigar sitt ansvar gjeld uavhengig av eigen kompetanse. Dersom skogeigar ikkje har tilstrekkeleg kompetanse, må slik kompetanse bli skaffa.

## 2. Handtering av avfall

Kravpunktet skal sikre forsvarleg handtering av avfall og at ein unngår forureining.

### KRAV OG REGLAR

I samband med arbeid i skogen skal skogeigar syte for at minst mogleg avfall og utslepp finn stad, og at avfall, i den grad det oppstår, blir tatt hand om på forsvarleg vis.

Alt søppel som oljekanner, bensinkanner, feittpatroner, dekk, kasserte delar, ståltau, plast og liknande i tillegg til utrangerte kvilebrakker skal vere fjerna når eit arbeid er slutt.

Alt farleg avfall som olje, batteri med meir skal ein samle inn og levere til offentleg godkjende mottak.

Ved val av maskiner og utstyr skal beste tilgjengelege teknologi (BAT) bli brukt.

Prosessmaskiner med store oljemengder under høgt trykk skal ha utstyr som set grense for oljeutsleppet til eit minimum ved eit eventuelt slangebrot eller liknande.

Oljlekkasjar på maskiner som blir brukt ved skogsdrift, skal ein tetta raskast mogleg. Det skal vere godt reinhald på maskinene slik at lekkasjar raskt blir oppdaga.

Alle oljelager og drivstofftankar skal ein sikre mot lekkasje og mogleg sabotasje.

Drivstoff skal ein ikkje lagre i nærleiken av drikkevasskilder (min. 50 meter avstand) for å unngå forureining.

### FORKLARINGAR

BAT (best available technology). Dette er ein internasjonal standard om å velje beste tilgjengelege teknologi, for eksempel maskiner og innsatsvarer, når det er kommersielt brukbart.

### 3. Vern av skogarealet

Kravpunktet skal sikre at forvaltninga av eigedomen ikkje øydelegg ressursgrunnlaget.

#### KRAV OG REGLAR

Ein skal ikkje gjennomføre tiltak i skogbruket som kan øydeleggje ressursgrunnlaget - jamfør føresegner om skogvern i Skogbrukslova.

Omdisponering av skogareal til andre formål enn landbruksformål kan berre skje når styresmaktene har gitt dei nødvendige løyve.

---

### 4. Biologisk viktige område

Skog definert som biologisk viktige område, har mykje å seie for ei stor mengd artar i skogen. Spesielt gjeld det for artar vurderte som truga på den norske raudlista. Kravpunktet skal sikre slik skog.

#### KRAV OG REGLAR

Minst 5 % av produktivt skogareal skal ein forvalte som biologisk viktige område.

#### **Kravet kan stettas på to måtar:**

1. Ved sertifisering av den einkilde eigedomen gjeld kravet på eigdomsnivå etter reglar under punkt A og B. Skogeigarar i eit område kan samarbeide om å oppfylle reglane sitt punkt A.
2. Ved gruppesertifisering gjeld kravet etter reglar under punkt A og C. Skogeigarar i eit område kan samarbeide om å oppfylle reglane sitt punkt A. Punkt C gjer greie for krav til sertifikathaldar. Alternativt kan ein skogeigar eller ei gruppe skogeigarar velje å oppfylle kravet i samsvar med punkt 1.

**A** Ein skal registrere, velje ut, dokumentere og kartfeste nøkkelbiotopar. Ein skal bruke metodane som er gjorde kjent i Miljøregistrering i Skog (MiS) eller i Siste-Sjansemetoden (SiS). Ved registrering og utveljing av nøkkelbiotopar skal ein nytte skogbiologisk kompetanse som er godkjend av sertifikathaldar.

Nøkkelbiotopane skal ein setje av urørte eller dei skal bli forvalta på ein måte som ikkje øydelegg tilhøva for biologisk mangfald. Dei kan òg bli forvalta på ein måte som betrar tilhøva for det biologiske mangfaldet. Der biologisk viktige område blir forvalta på annan måte enn urørt, skal ein arbeide ut tiltak for skjøtsel i samråd med person som har skogbiologisk kompetanse som er godkjend av sertifikathaldar.

Tresett impediment med eldre skog kan ein rekne som nøkkelbiotop når det ligg inntil eller i mosaikk med produktiv skog og har miljøkvalitetar i samsvar med godkjende metodar for registrering. Der tresett impediment inngår i biologisk viktige område, reknar ein arealet som produktivt areal på eigedomen.

Utvalde nøkkelbiotopar skal ein dokumentere i ei miljøoversikt. Der ein kan gjennomføre skjøtseltiltak, skal det vere gjort greie for dette i miljøoversikta. Eigedomar som har større produktivt areal enn 250 dekar, skal dokumentere utvalde nøkkelbiotopar utan opphald og seinast innan utgangen av 2012.

Inntil ein har registrert nøkkelbiotopar på eigedomen, skal ein leggje til grunn eit føre-var-prinsipp, og ein skal ta vare på verdiane i sannsynlege nøkkelbiotopar inntil registrering er gjort av fagleg kompetent personell som er godkjend av sertifikathaldar.

**B** I den grad det er nødvendig for å oppfylle arealkravet, skal skogeigar i tillegg til areal etter punkt A, setje av andre skogområde som biologisk viktige område. Kravet gjeld for eigedomar med produktivt areal større enn 250 dekar. Slik avsetjing skal vere dokumentert i miljøoversikt innan utgangen av 2009.

Skogeigar skal leggje vekt på å setje av skogområde som på sikt kan bli nøkkelbiotopar (restaurering). Skogeigar kan velje blant areal av følgjande skogtypar (sjå òg forklåringar):

- Gamal skog / gamal naturskog
- Kalkskog, også yngre kalkskog, der den blir forvalta for å ta vare på artsmangfaldet
- Sumpskog / myrskog
- Edellauvskog
- Hagemarkskog
- Kystgransskog / kystfuruskog
- Brannpåverka skog
- Kantsoner med intakt økologisk funksjon
- Tresett impediment innanfor eller inntil biologisk viktige område

Tresett impediment med eldre skog kan ein rekne som biologisk viktige område når det ligg inntil eller i mosaikk med produktiv skog av kvalitetar som er nemnde ovanfor. Maksimalt kan tresett impediment utgjere 25 % av arealet. Der tresett impediment inngår i biologisk viktige område, blir arealet rekna som produktivt areal på eigedomen.

Dei areala som er sette av, skal vere urørte eller bli stelt på ein måte som ikkje øydelegg tilhøva for det biologiske mangfaldet.

Ønsker skogeigar å bytte ut område som er sette av, med nye område, må dette bli dokumentert i miljøoversikta og godkjend av sertifikathaldar.

Der fleire skogeigarar samarbeider om å ivareta dette kravet, kan dokumentasjon skje i ei felles miljøoversikt.

Produktiv skog som er verna som naturreservat eller nasjonalpark etter Naturvernlova, kan gå inn i arealet. Uavhengig av om det er verna skog i eit område som naturreservat eller nasjonalpark etter Naturvernlova, skal ein gjennomføre nøkkelbiotopregistrering etter punkt A.

☉ Ved gruppesertifisering blir det dokumentert, ved hjelp av fylkesvis statistikk, at minst 5 % av produktivt skogareal blir forvalta som biologisk viktige område.

Følgjande arealkategoriar går inn i grunnlaget for dokumentasjon av at minst 5 % av produktivt areal blir nytta som biologisk viktige område:

1. Areal forvalta i samsvar med reglar i punkt A.
2. Produktiv skog verna som naturreservat eller nasjonalpark etter Naturvernlova.
3. Arealkategoriar med avgrensing i samsvar med framstilling i Tabell a under dokumentert med data på fylkesnivå frå Landsskogtakseringa. Inntil 25 % tresett impediment kan ein rekne med til arealkategoriane. Status er forklart i Tabell b under.

***Tabell a. Framstilling av arealkategoriar***

<b>Arealkategori</b>	<b>Avgrensing</b>
Edellauvskog	Areal med helling brattare enn 50 %, pluss areal med helling brattare enn 33 % og driftsveg lengre enn 500 meter.
Sumpskog	Areal med driftsveg lengre enn 1000 meter.
Myrskog	Alt areal med unntak av bjørkedominert myrskog med bonitetar lågare enn H11.
Kalklågurtskog	Areal i hogstklasse 4 og 5.
Kantsoner	Areal i hogstklasse 3 og eldre med breiare kantsoner enn 10 meter i gjennomsnitt til vatn, vassdrag og myr.
Gamal skog	Areal i hogstklasse 4 og 5 med driftsveg lengre enn 2500 meter. Areal i hogstklasse 4 og 5 med helling brattare enn 50 % og driftsveg lengre enn 1000 meter. Areal i hogstklasse 5 med driftsveg lengre enn 1000 meter på bonitet H6.

**Tabell b. Status 2006 for arealkategoriar på fylkesnivå i prosent av produktivt areal.** I fylke med meir enn 25 % tresett impediment i arealkategoriane, er arealet redusert til maksimalt å ha 25 % tresett impediment.

Fylke	Produktivt skogareal med maksimalt 25 % tresett impediment.
Østfold	6,1 %
Oslo og Akershus	6,1 %
Hedmark	11,7 %
Oppland	10,2 %
Buskerud	9,3 %
Vestfold	7,7 %
Telemark	13,3 %
Aust-Agder	16,6 %
Vest-Agder	14,1 %
Rogaland	16,4 %
Hordaland	16,3 %
Sogn og Fjordane	21,5 %
Møre og Romsdal	16,6 %
Sør-Trøndelag	21,0 %
Nord-Trøndelag	23,2 %
Nordland	21,7 %
Troms	21,0 %

*Statistikk over areal forvalta etter punkt C innan kvart fylke blir godkjend av Rådet for Levende Skog*

### **Krav til tiltak ved hogst i arealkategoriar punkt 3**

Ved hogst innanfor arealkategoriar under punkt 3 skal sertifikathaldar i fylke med mindre areal enn 9 % (sum areal av punkta 1, 2 og 3 over), sikre seg at vedkomande eigedom forvaltar minst 5 % av det produktive arealet som biologisk viktige område. Før hogst skal ein alltid foreta registrering av miljøkvalitetar ved hjelp av Levende Skog sine rutinar for føre-var-vurdering av mogleg nøkkelbiotop. Sertifikathaldar skal godkjenne registreringa.

I fylke der sum areal som går inn i grunnlaget for dokumentasjon, søkk til under 7 % skal ein på vedkomande eigedom kartfeste, og dokumentere at minst 5 % av det produktive arealet blir forvalta som biologisk viktige område, jamfør punkt B.

I fylke der sum areal som går inn i grunnlaget for dokumentasjon, søkk ned til 5 % skal ein gjennomføre kartfesting, og dokumentere at minst 5 % av det produktive arealet blir forvalta som biologisk viktige område, jamfør punkt B. Rådet for Levende Skog skal godkjenne gjennomføringa.

Alle sertifikathaldarar skal årleg rapportere hogstaktivitet i arealkategoriar etter punkt 3.

## FORKLARINGAR

### **Nøkkelbiotop**

Nøkkelbiotop er namnet på areal registrert, valt ut og forvalta som del av areal sett av som biologisk viktige område i samsvar med Miljøregistrering i Skog (sjå eigen instruks laga ut frå NIJOS 2001 og hovudrapport frå prosjekt Miljøregistrering i Skog) og Siste-Sjanse-metoden (sjå Siste-Sjanse-rapport 2002-11).

### **Gamal skog / gamal naturskog**

Gamal skog er hogstklasse 4 og 5. Skog som ein skal sette av som biologisk viktige område, skal ha kvalitetar som gjer at skogområdet på sikt kan bli nøkkelbiotop (restaurering). Slik skog blir til vanleg kjenneteikna av aldersvariasjon og sjikting.

Gamal naturskog har ein dynamikk som blir vurdert å vere dominert av naturlege forstyringar og i liten grad av menneskeleg påverknad. Dette ser ein igjen i skogen sin samansetjing, variasjon og struktur.

Kalkskog, også yngre kalkskog, der han blir nytta planmessig for å ta vare på artsmangfald

Kalkskog eller kalklågurtskog er ein eigen vegetasjonstype. Der det er sett i gang restaurering i yngre skog for å ta vare på artsmangfald, kan ein rekne arealet som biologisk viktige område.

### **Sumpskog / myrskog**

Med myr- og sumpskog meiner ein skog på torvmark eller sumpjord der vegetasjonen er dominert av fuktkevrande artar og innslag av myrplanter.

Myrskog er i hovudsak vegetasjonstypen furumyrskog. Sumpskog er i hovudsak vegetasjonstypene gran- og bjørkesumpskog og lauv- og viersumpskog. Myr- og sumpskog opptrer ofte i mosaikk med myr og/eller fastmark som gradvise overgangar. Myr- og sumpskog kan ein dele i produktiv skog, med produksjonsevne større enn 0,1 kubikkmeter pr. dekar og år, og i tresett impediment med meir enn 6 tre pr. dekar. Desse trea kan bli 5 meter høge.

### **Edellausvog**

Edellausvog er skog som blir dominert av varmekjære lauvtre som alm, ask, bok, eik, lind, spisslønn og svartor.

### **Hagemarkskog**

Eldre skog i kulturlandskap som hører heime i hogstklasse 4 og 5 (minimum 6 tre pr. dekar), kan ein rekne som biologisk viktige område.



### **Kystgranskog / kystfuruskog**

Kystgranskog finn ein i raviner og på fuktige stader i kyststroka i Trøndelag og på Helgeland. Kystgranskogen blir òg kjenneteikna av lav og mosar i ”trøndelagselementet”. Fleire av artane er i kategoriane truga på raudlista.

**Kystfuruskog** i ulike utformingar er sjeldsynte i Noreg og internasjonalt. I hovudsak finn ein kystfuruskog frå Rogaland til Møre og Romsdal. Viktige utformingar er purpurlyng-furuskog, lågurt-furuskog med eføy og kristtorn, furuhasselskog med velutvikla lavflora og såkalla ”mineralrik furuskog” i Møre og Romsdal.

### **Brannpåverka skog**

Brent skog i hogstklasse 3, 4 og 5 kan ein rekne med så lenge det er islett av ståande daude tre.

### **Kantsoner med intakt økologisk funksjon**

Skog i kantsoner i hogstklasse 4 og 5 med minimum gjennomsnittleg bredde i samsvar med reglar i kravpunktet kantsoner og intakt økologisk funksjon, blir rekna som biologisk viktige område.

### **Tresett impediment innafor eller inntil biologisk viktige område**

Med tresett impediment meiner ein eldre skog med mindre produksjon enn 0,1 kubikkmeter pr. dekar og år, men med minimum 6 tre pr. dekar og som er minimum 5 meter høge. Tresett impediment kan vere fastmark eller myr- og sumpskog. Mest aktuelle eksempel er kalkskog, rasmarker med edellauvskog, myrskog og sumpskog.

## 5. Brannpåverka skog

Kravpunktet skal sikre livsvilkår for artar som er meir eller mindre avhengige av brent skog som livsmiljø.

### KRAV OG REGLAR

Ved skogbrannar i eldre skog der meir enn 5 dekar er utsette for brann, skal 5 dekar pr. eigedom bli sett att urørt i 10 år. Ved skogbrannar i eldre skog på areal mindre enn 5 dekar blir heile arealet sett att urørt i 10 år.

Avsett brent skogareal skal i løpet av 10-årsperioden for avsetjing bli vurdert i høve til standarden Biologisk viktig område.

Ved skogbrannar større enn 100 dekar skal avsetjing av areal bli vurdert av skogbiologisk fagkompetanse og vere fagleg grunna.

---

## 6. Fjellskog

Kravpunktet skal sikre biologisk mangfald og opplevingsverdiar i fjellskogen.

### KRAV OG REGLAR

I vernskog mot fjellet skal ein leggje vekt på å fremje og å halde oppe eit gamalskogpreg.

Ved hogst skal ein i størst mogleg utstrekking bruke fjellskoghogst for gran. For furu nyttar ein i størst mogleg grad småflatehogst og mindre frøtrestillingshogster for å få opp forynging.

Fjellskoghogst går ut frå at skogen etter hogst framleis kan bli klassifisert anten til hogstklasse 4 eller 5.

## OVERVAKING

Minst 50 % av skogen i vernskogen mot fjellet skal ha eit gamalskogpreg. Dette skal ein vurdere ut frå det datagrunnlaget som til ei kvar tid ligg føre frå Landskogstakseringa for dei einskilde fylka. Rådet har plikt til å setje i verk tiltak når data frå Landsskogtakseringa syner ei utvikling som trugar målet om minst 50 % del med gamalskogpreg. Delen med gamalskogpreg blir her sett like med skog i hogstklasse 4 og 5.

## FORKLARINGAR

Med fjellskog meiner ein vernskog opp mot fjellet definert i samsvar med paragraf 12 i Lov om skogbruk. Ein skal halde dei reglar som er bestemte i samsvar med Lov om skogbruk.

Småflatehogst er flatehogst av areal frå 2 til 5 dekar, med utforming slik at det på nytt kan vekse naturleg frå kant.

---

## 7. Friluftsliv

Naturoppleving er ein vesentleg del av friluftslivet. Kravpunktet skal bidra til å sikre høve til ferdsel og naturoppleving i skog.

### KRAV OG REGLAR

Ved skogbrukstiltak skal ein leggje vekt på å ta vare på opplevingskvalitetane, særleg langs stiar og skiløyper.

Allmenta har rett til fri ferdsel, samt rett til å plukke bær og sopp innafor dei rammene som Friluftsløva og anna lovverk set.

Næringsverksemda på skogareala skal gå føre seg slik at det faktiske innhaldet i den frie ferdselsretten blir halden oppe.

Skogeigar skal innafor rammene av rimeleg næringsutnytting og privatlivets fred syte for hensiktsmessige løysingar for legging av stiar, skiløyper, rasteplassar og liknande og for uteområde for barnehagar, skolar og skolefritidsordningar, og gi løyve til slike når det ikkje er i strid med viktige næringsmessige eller økologiske tilhøve. Dette endrar ikkje rettstilhøva etter Friluftsløva.

Kravpunktet kantsoner er ikkje til hinder for at det blir lagt til rette for fiskeplassar, rasteplassar og utsiktsplassar der dette ikkje er i strid med viktige næringsmessige eller økologiske omsyn.

## FORKLARINGAR

Med stiar og skiløyper meiner ein alle stiar og skiløyper som er merkte, og som går fram av kartserien N50 eller har tilsvarande bruk eller går tydeleg fram i terrenget.

---

## 8. Gamle grove tre og daud ved

Kravpunktet skal sikre levestader for artar knytte til gamle grove tre og daud ved.

### KRAV OG REGLAR

Ved hogst skal ein setje att om lag 10 stormsterke tre pr. hektar som livsløpstre, gjerne i grupper. Livsløpstrea vel ein primært blant dei eldste trea i bestandet.

Ståande daude lauvtre, grov daud furu og naturlege høgstubbar av alle treslag skal ein som regel spare ved hogst.

Liggjande daud ved (låg) eldre enn 5 år skal ein ikkje fjerne ved hogst.

Både dominerande treslag og eventuelt sjeldsynte/uvanlege treslag skal vere blant livsløpstrea.

Tre med stor visuell verdi, tre med reirfunksjon, gamle grove osper og gamle styva / lauva lauvtre skal ein prioritere når ein vel ut livsløpstre.

Der det er fare for stormfelling, kan ein kappe gran og osp til høgstubbe, men ikkje alle trea av same treslag. Høgstubbar kan inngå som del av talet på livsløpstre.

Livsløpstre som døyr, skal bli i skogen. Livsløpstre som har blåse ned, kan ein fjerne av omsyn til ferdsel i stiar og skiløyper og der det kan vere til fare for leikande barn.

Ståande daud gran kan gå inn med inntil halvparten av talet på livsløpstre. Ståande daude tre og høgstubbar som kan vere til fare for leikande barn, kan ein hogge.

Det er ikkje krav til å ha same fordeling av treslaga blant livsløpstrea som i driftsområdet, men hovudtreslaget skal vere representert.

Gran som livsløpstre, kan med fordel bli sett att:

- I kantsoner mot vassdrag, myr eller innmark der dette er ein del av driftsområdet. Der livsløpstrea blir plasserte i kantsoner, er det ikkje nødvendig å auke kantsonebreidda. Slik plassering av livsløpstre gir betre økologisk funksjon
- På stader som av topografiske årsaker er meir skjerma mot vind, for eksempel i søkk, i kløfter og mot bergveggar
- I grensa mot nabobestand eller i andre bestand i driftsområdet

Kravet om 10 livsløpstre pr. hektar gjeld som gjennomsnitt for eit definert driftsområde, som kan bestå av fleire bestandar.

Livsløpstre som høyrer til gjennomført hogst, skal ein kunne identifisere, også når livsløpstrea er plasserte utanfor driftsområdet der dei er del av eit driftsområde som blir hogd over noen år.

For å finne stormsterke grantre som kan fungere som livsløpstre, kan undertrykte tre med ein diameter ned til ca. 20 cm, bli brukte.

Varierar bonitetstilhøva i driftsområdet, skal ein leggje vekt på å spreie livsløpstrea på ulike bonitetar.

Ein skal ikkje sette att livsløpstre av framande treslag. Det same gjeld for gran på skogreiste areal i skogreisingsstrok og utanlandske proveniensar som klårt ikkje er tilpassa tilhøva på voksterstaden.

## **FORKLARINGAR**

Tre med reirfunksjon er tre med hakkespetthol eller rovfugltreir.

Med naturlig høgstubbe meiner ein naturleg daudt tre der øvre del har falle av. Med kappa høgstubbe meiner ein tre som er kappa høgre enn ca. 3 meter.

## **TILHØVE TIL SKOGHYGIENE**

Livsløpstre som døyr, skal bli i bestanden. Berre som unntak vil dette kunne komme i konflikt med reglane i Forskrift om berekraftig skogbruk. Skal ein sette standarden sine krav til sides, må det vere gitt eit skriftlig pålegg frå skogbruksmyndigheitene om at ein skal fjerne slike tre.

---

## **9. Genbevaring – skogstre**

Kravpunktet skal sikre naturleg genetisk variasjon hos skogstre.

### **KRAV OG REGLAR**

Den naturlege genetiske variasjonen til skogstrea skal ein ta vare på. Genmodifisert plantemateriale skal ein ikkje bruke. Reglane for bruk av frø og planter i Forskrift om skogfrø og skogplanter legg ein til grunn.

Dokumentasjon av opphavet til brukt frø- og plantemateriale skal ein ta vare på.

## 10. Gjødsling og næringsbalanse

Kravpunktet skal sikre at gjødsling og spreiring av oske skjer på ein forsvarleg måte, og at næringsstap og næringslekkasje skal vere minst mogleg.

### KRAV OG REGLAR

Skogbruk skal ein drive slik at marka sine naturlege prosessar og langsiktige produksjonsevne blir halden oppe. Næringsstap og næringslekkasje skal vere minst mogleg. Område med spesielle miljøverdiar skal ein ikkje gjødsle eller la påverke av gjødsling eller oskespreiring.

For å auke virkesproduksjonen, kan ein gjødsle på eigna areal på vegetasjonstypene blokkebærskog, bærlyngskog og blåbærskog. Torvmark med allereie etablert forynging kan ein gjødsle. Vitaliseringsgjødsling kan ein gjennomføre når det er slått fast at skogen har nedsett vitalitet pga. menneskeskapt forureining.

Oskespreiring i skog kan skje som tilbakeføring av næringsstoff til eigna skogareal. Oskespreiring i yngleperioden skal ein unngå. Berre herda og behandla oske med godkjende verdiar for tungmetall kan ein føre tilbake til skog. Berre granulerte oskeprodukt kan ein nytte på hogstflater.

Ved gjødsling og oskespreiring i skog skal ein sette av ugjødsla soner mot vatn og vassdrag for å unngå avrenning. Gjødsling skal ikkje skje før snøsmeltinga er ferdig – elles skal ein tilpasse gjødslingstidspunktet slik at risikoen for næringslekkasje blir minst mogleg. Oskespreiring kan starte saman med snøsmeltinga.

---

## 11. Hogstformer

Kravpunktet skal sikre at ein nyttar hogstformer og foryngingsmetodar som balanserer omsyn til økonomien til skogeigar, biologisk mangfald og andre miljøverdiar.

## KRAV OG REGLAR

Høvet til hogst skal ein nytte ut innafor dei rammer omsynet til økonomi, biologisk mangfald og andre miljøverdiar set. Gjennom tynning skal ein leggje til rette for auka del av lukka hogst.

Val av hogstform og gjennomføringa av hogsten skal ein tilpasse tilhøva på staden, slik at miljøkvalitetane i området blir bevarte, landskapsomsyn blir tatt vare på og tilhøva blir lagde til rette for ei tilfredsstillande forynging med treslag som passar til voksterstaden.

Der tilhøva økonomisk og biologisk ligg til rette for det, skal ein bruke lukka hogster ved forynging av gran. Føresetnaden for bruk av lukka hogstformer i grandominert skog er at ein kan oppnå god stabilitet hos dei trea som står att, og at hogstforma gir grunnlag for ei tilfredsstillande forynging slik tilhøva er på voksterstaden. Småflatehogst kan ein bruke når dette gir tilfredsstillande von om naturleg forynging. Når tilhøva ikkje er til stades for naturleg forynging, nyttar ein flatehogst og planting eller såing.

Der tilhøva ligg til rette for det, skal furuskog foryngas ved hjelp av frøtrestillingshogst eller andre hogstformer som legg tilhøva til rette for naturleg forynging. Ved skifte av treslag og når vilkåra for naturleg forynging ikkje er til stades, skal ein nytte flatehogst og planting .

Lukka hogster skal ein bruke der tilhøva ligg til rette for å oppnå ny forynging med edellauvskog. Det skal ikkje skje skifte av treslag i edellauvskog, med unntak for vegetasjonstypen blåbær-eikeskog.

Storleik og arrondering av flatehogster og frøtrestillingshogster skal ein tilpasse landskapet sine former og linjer. I mye brukte friluftslivområde skal ein leggje vekt på å avgrense og variere størrelsen på foryngingsflatene.

Hogstavfall skal ein rydde bort frå bekker, elver, vatn, stiar og skiløyper etter at hogsten er slutt.

Dersom ikkje særskilde tilhøve seier noe anna, skal rydding bli gjort omgåande etter at hogsten er slutt. Medan hogsten står på, skal ein, for å unngå unødvendige hindringar for allmenn ferdsel, rydde i stiar og skiløyper så snart det er praktisk mogleg.



## FORKLARINGAR

Småflatehogst er flatehogst av areal frå 2 til 5 dekar, med utforming slik at det kan bli forynga naturleg frå kant.

Med stiar og skiløyper meiner ein alle stiar og skiløyper som er merka, som går fram av kartserien N50 eller har tilsvarande bruk eller står tydeleg fram i terrenget.

---

## 12. Kantsoner

Kravpunktet skal sikre at det blir bevart eller utvikla stabile kantsoner til myr, vatn og vassdrag og kulturlandskap. Kantsonene har ei rekkje viktige økologiske funksjonar og tener fleire formål knytt til biomangfald, vasskvalitet, landskap og friluftsliv.

### KRAV OG REGLAR

Der det er naturleg grunnlag for det, skal ein ved hogst og stell av skogen ta vare på eller utvikle ei fleirsjiktta kantsoner langs myrer, vatn og vassdrag og mot kulturlandskap.

#### Kantsone mot myr

Kantsone mot myr skal stå på fastmark, men tre på myra kan ein ta med i vurderinga når det gjeld omsynet til den økologiske funksjon til kantsona. Ein skal leggje til rette for ei stadeiga samansetjing av treslaga i kantsona.

#### **Bredda på kantsonene**

Dei økologiske tilhøva blir indikerte av vegetasjonstypane. Det er viktig å skape stabile kantsoner. Bredda må ein sette ut frå tilhøva på staden, og dei kan variere innafør ei og same kantsoner. Berre unntaksvis vil det vere behov for kantsoner med breidde på meir enn éi trehøgde. Enkle trerekkjer som kantsoner har knapt noen økologisk funksjon. Mot myrer skal vegetasjonstypane og terrengform vere retningsgivande for breidda på kantsona.

Med utgangspunkt i ei kantsonebreidde på 10-15 m bør ein justere for følgjande:

- Edellauv-, høgstaude-, storbregne- og sumpskog – vesentleg breiare (25-30 meter).
- Bratt terreng mot myr - smalare kantsoner.
- Tørr vegetasjon og tørt terreng mot myr - smalare kantsoner.
- Éinsjikt furuskog - smalare kantsoner.
- Tett sjikt lauvskog mot myr - smalare kantsoner.
- Éinsjikt granskog - svært smal kantsoner.
- Mindre myrer - ned mot 5 meter.

Etablering av kantsoner er til vanleg berre aktuelt for myrer og sumpskogar større enn 2 dekar.

### **Skjøtsel av kantsona**

Ein kan hogge ut einskilde tre i kantsona, men ikkje meir enn at kantsona held oppe funksjonen sin. Alle stadeigne treslag, sjikting og nøkkelement i ei kantsoner skal vere til stades også etter eventuell utplukk av einskilde tre. I éinsjikt eldre skog kan ein hogge for å etablere ei sjikt kantsoner. I éinsjikt skog i h.kl. 3 og 4, bør ein ved tynning leggje vekt på å etablere ei fullverdig kantsoner med lauvskog før sluttavvirkning. Kantsoner bør ein etablere og utvikle mest mogleg naturleg.

### **Forklaringar**

Med ei kantsoner sine økologiske funksjonar meiner ein:

- Skape stabile korridorar med eldre skog i landskapet.
- Vere leveområde for artar som krev stabile miljø.
- Funksjonelt miljø med innslag av gamle tre og død ved.

Kantsoner mot myr- eller sumpskog er eit estetisk element i skoglandskapet.

Med myr- og sumpskog meiner ein skog på torvmark eller sumpjord der vegetasjonen er dominert av fuktkevjande artar og innslag av myrplanter.

### **Kantsoner mot vatn og vassdrag**

Ein skal ta vare på eller utvikle ei fleirsjikt kantsoner mot vatn og vassdrag breiare enn ein meter ved normal vasstand der dette er naturleg.

### **Breidda på kantsonene**

Dei økologiske tilhøva i og langs med eit vassdrag blir indikerte av vegetasjonstypene. Det er viktig å skape stabile kantsoner. Ein må setje breidda etter tilhøva på staden, og breidda kan difor variere innafor ei og same kantsoner. Berre

unntaksvis vil det vere behov for kantsoner med breidde på meir enn ei trehøg. Langs elver og bekkar som er breiare enn to meter, skal vegetasjonstypene og terrengforma vere retningsgjevande for breidda på kantsonene. Med utgangspunkt i ei kantsonebreidde på 10-15 meter bør ein justere for følgjande:

- Edellauv-, høgstaude-, storbregne- og sumpskog – vesentleg breiare (25-30 meter)
- Sumpskog mot vassdraget - breiare kantsoner.
- Bratt terreng opp på begge sider av vassdraget - smalare kantsoner.
- Tørr vegetasjon og tørt terreng mot vassdraget - smalare kantsoner.
- Éinsjiktta furuskog - smalare kantsoner.
- Tett sjiktta lauvskog mot vassdraget - smalare kantsoner.
- Éinsjiktta granskog - svært smal kantsoner.
- Smalare bekkar enn 2 meter - ned mot 5 meter.

For å fange opp dei spesielle tilhøva som oppstår i periodevis overfløymde areal, skal normalt flaumarealet gå inn i kantsona.

Av omsyn til friluftslivet kan kantsonene bli opna på einskilde stader, men berre dersom dei økologiske verdiane blir tatt vare på andre stader langs vassdraget.

### **Skjøtsel av kantsona**

Ein kan hogge ut einskilde tre i kantsona, men ikkje meir enn at kantsona held oppe funksjonen sin. Alle stadeigne treslag, sjikting og nøkkelement i ei kantsoner skal vere til stades også etter eventuelt utplukk av einskilde tre.

I éinsjiktta eldre skog kan ein hogge for å etablere ei sjiktta kantsoner. I éinsjiktta skog i hogstklasse 3 og 4 bør ein ved tynning leggje vekt på å etablere ei fullverdig kantsoner med lauvskog før sluttavvirkning.

Ein bør etablere og utvikle kantsonene mest mogleg naturleg.

### **FORKLARINGAR**

Med ei kantsoner sine økologiske funksjonar meiner ein:

- Skape stabile korridorar med eldre skog i landskapet.
  - Vere leveområde for mange artar.
  - Gje stabile ljøs-, skugge og temperaturtilhøve for artar som lever i bekkar, elve- og vasskantar.
  - Tilføre næring i vatnet i form av strø og smådyr.
  - Gje høve for skjul til artar som lever i bekkar, elve- og vasskantar.
  - Kunne filtrere sig av næring frå hogsten.
- Kantsoner mot vatn og vassdrag er eit estetisk element i skoglandskapet.

### Kantsone mot kulturlandskap

Ein skal gjennom skjøtsel eller hogst ta vare på eller utvikle stabile og naturleg varierte skogbryn rundt verdfulle kulturlandskap, åkerholmar og andre småbiotopar. Ein skal etablere ei stadeige samansetjing av treslag i skogbrynet med eit stort innslag av lauv, og ein skal prioritere at lauvtre dominerer i heile omløpet.

### **Bredda på kantsona**

Det er tilstrekkeleg med ei kantsone på 5 - 10 meter.

#### FORKLARINGAR

Det er gjennomført registreringar av spesielt verdfulle kulturlandskap. Dette gjeld berre ein mindre del av det som ein må sjå på som verdfullt. Er ein skogeigar i tvil om kulturlandskapet er verdfullt, kan han søkje råd hos fylkesmannen, kommunen eller andre med kompetanse på området. Der det allereie er utvikla skogbryn mot innmark, bør ein likevel generelt ta vare på desse ved hogst.

---

## 13. Kulturminne og kulturmiljø

Kravpunktet skal sikre at ein tar omsyn til kulturminne og mindre kulturmarker i skoglandskapet.

#### KRAV OG REGLAR

I tillegg til å ta vare på automatisk verna kulturminne, skal ein òg ta omsyn til andre verdfulle kulturminne. Under dette skal ein ikkje aktivt etablere ny skog på kulturmarker mindre enn 5 dekar i skoglandskapet. Unntaksvis kan ein etablere skog der omdisponering er godkjend av kommunen etter § 9 i Jordlova, under føresetnad av at det ikkje er i strid med omsyn til verdfulle kulturminne eller kulturmiljø.

Det er skogeigar sitt ansvar å gjere seg kjend med kva som er registrert av kulturminne i skogen og ta omsyn til dette ved hogst og skjøtsel av skogen. Eit godt hjelpemiddel er å syte for riktig markering av kjende kulturminne og kulturmiljø i skogbruksplanen.

## FORKLARINGAR

Alle kulturminne frå før 1537 og alle samiske kulturminne eldre enn 100 år er automatisk verna.

Med kulturminne meiner ein alle spor etter menneskeleg aktivitet i det fysiske miljøet vårt. Til dette reknar ein lokalitetar som det knyter seg historiske hendingar til, tru eller tradisjon. I skogen vil det vere mange kulturminne som ikkje automatisk er verna som følge av alder. Også blant desse er det verdfulle kulturminne som ein skal ta omsyn til.

Med kulturmiljø meiner ein område der kulturminne går inn som del av ein større heilskap eller samanheng.

---

## 14. Landskapsplan

Kravpunktet skal sikre at skogforvaltninga tar omsyn på tvers av bestands- og eigedomsgrenser.

### KRAV OG REGLAR

For teigar over 10.000 dekar skal ein ta vare på bestandsovergrepande og landskapsøkologiske omsyn ved planlegging og forvaltning av skogen. Også for mindre teigar skal ein, så langt råd er, ta viktige landskapsomsyn på tvers av eigedomsgrensene.

Ei total landskapsplanlegging tar for eksempel omsyn til at ein legg vekt på:

- Stadstilpassa skogbruk
- Omsyn til landskapsbiletet
- Mengda av gamal skog
- Behov for restaureringsbiotopar
- Friluftsliv - stiar, løyper
- Skogsbilvegar
- Viltbiotopar, tiurleikar

## FORKLARINGAR

Landskapsøkologi er samspelet mellom økologiske prosessar og mosaikken i landskapet. Landskapsøkologisk perspektiv vil si at ein til kvar tid må finne ulike livsmiljø i landskapet.

Med omsyn til landskapsbiletet meiner ein at hogstføring og bruk av open hogstform planmessig må bli tilpassa landskapet sine former.

Med stiar og skiløyper meiner ein alle stiar og skiløyper som er merka og som går fram av kartserien N50 eller har tilsvarende bruk eller står fram tydelege i terrenget.

Med omsyn til viltbiotopar meiner ein planmessig forvaltning av mellom anna tiurleikar og skog inntil hekkeplass for rovfuglar.

---

## 15. Langsiktig produksjon av virke

Kravpunktet skal sikre at etablering av ny skog skal skje så raskt som mogleg sett i høve til eigenskapane på voksterstaden.

### KRAV OG REGLAR

På areal der ein har planlagt naturleg forynging etter hogst, må ein hogge på ein slik måte at forynging kan finne stad så raskt som mogleg. Dersom ein ikkje lukkas med naturleg forynging, skal skogkulturtiltak bli sette i verk.

På areal der ein har planlagt planting eller såing etter hogst, skal ein plante eller så så snart det er forsvarleg og praktisk mogleg.

Gjennom ungskogpleie skal ein leggje vekt på å nytte ut areala sin sjanse for kvalitetsproduksjon og å byggje opp ein skog som gir grunnlag for variasjon i hogst- og foryngingsmetodar.

## 16. Markberedning

Kravpunktet skal sikre at markberedning blir gjennomført på ein mest mogleg varsam måte.

### KRAV OG REGLAR

Markberedning kan finne stad på dei arealtypar der tiltaket har positiv effekt på forynging og etablering av ny skog. Markberedning blir gjennomført på varsam måte slik at ein tar omsyn til biologisk viktige område, stiar, bekkar, erosjonsfare og kulturminne.

Primært skal ein nytte overflatebehandling. I hellande terreng med erosjonsfare skal det ikkje vere samanhangande furer.

---

## 17. Myr og sumpskog

Kravpunktet skal sikre at ein ved skogbrukstiltak tar vare på dei økologiske funksjonane som myr, myrskog og sumpskog har.

### KRAV OG REGLAR

Nygrøfting av myr og sumpskog skal ikkje finne stad.

Grøftereinsk og suppleringsgrøfting kan skje så sant det ikkje er behov for restaurering av nøkkelbiotopar/ biologisk viktige område på denne marktypen på egedomen.

Så langt det er mogleg av omsyn til stabilitet og forynging av dei treslaga som er til stades, skal ein bruke lukka hogster i sumpskog og myrskog og i overgangssona mot fastmark.

Der det er naturleg grunnlag for det, skal ein ved skjøtsel og hogst ta vare på eller utvikle ei fleirsjiktta kantsone langs myrer. (Sjå òg kravpunktet for kantsoner.) Ein skal leggje til rette for ei stadeiga samansetjing av treslaga i kantsona.

Ved stell av skogen skal ein leggje vekt på å ta vare på dei økologiske funksjonane til alle myrer og sumpskogar, uavhengig av storleik. Buskvegetasjonen er særleg viktig. Etablering av kantsoner og tilpassingar av hogstform er likevel normalt berre aktuelt for myrer og sumpskogar større enn 2 dekar.

### FORKLARINGAR

Med myr- og sumpskog meiner ein skog på torvmark eller sumpjord der vegetasjonen er dominert av fuktkevjangende artar og innslag av myrplanter. Myrskog er i hovudsak vegetasjonstypen furumyrskog. Sumpskog er i hovudsak vegetasjonstypane gran- og bjørkesumpskog og lauv- og viersumpskog. Myr- og sumpskog syner seg ofte i mosaikk med myr og/eller fastmark som gradvise overgangar. Myr- og sumpskog kan ein dele i produktiv skog, med produksjonsevne større enn 0,1 kubikkmeter pr. dekar og år, og i impediment med meir enn 6 tre pr. dekar og som kan bli 5 meter høge.

---

## 18. Skogreising og skifte av treslag

Kravpunktet skal sikre at skogreising skjer på ein miljømessig god måte, og at spreiring av utanlandske treslag blir halden under kontroll.

### KRAV OG REGLAR

Ved skogreising og forynging etter hogst skal ein nytte norske treslag. Der det er problem med å etablere forynging med tilfredsstillande produksjon, kan ein nytte utanlandske treslag. Utanlandske treslag kan ein òg nytte i mindre omfang for produksjon av spesialkvalitetar.

Spreiring av utanlandske treslag skal ein halde under kontroll gjennom stellet av skogen.

Utforming av skogreisingsfelta skal ein tilpasse landskapet. Ein skal leggje vekt på å skape mjuke overgangar mellom granskogen og områda rundt. På eigedomar med skogreising skal ein, der det er mogleg, sikre minimum 10 % lauvinnslag på arealet der skogreising finn stad.



Ved skogreising skal ein ta omsyn til stiar og løyper som blir ofte nytta slik at verdet av opplevinga knytt til bruken av stien/løypa blir halden oppe. Ein skal ikkje plante nærare enn 2,5 meter til slike stiar og skiløyper.

### **Vidare skal det ikkje skje:**

- Skifte av treslag på furumyrskog på Vestlandet.
  - Skifte av treslag i sumpskog.
  - Skifte av treslag i edellauvskog, med unntak på vegetasjonstypen blåbær-eikeskog på lav og middels bonitet.
  - Skogreising på open røsslynghei.
  - Skifte av treslag i kalkfuruskog og kalkbjørkeskog.
  - Skogreising eller skifte av treslag i kantsona mot vassdrag.
- 

## 19. Skogstruktur

Kravpunktet skal sikre at ein til kvar tid finn minst 30 % skog under vernskoggrensa med struktur som er bra for artar som lever i gamal skog og for friluftslivet.

### **KRAV OG REGLAR**

For å ta omsyn til artar som lever i gamal skog og omsyn til friluftslivet, skal ein til kvar tid finne minimum 30 % gamal skog under vernskoggrensa mot fjellet.

Kravet gjeld ikkje på eigedomsnivå.

### **OVERVAKING**

Rådet har plikt til å setje i verk tiltak når data på fylkesnivå frå Landsskogtakseringa syner ei utvikling som trugar målet om minst 30 % del av gamal skog definert som hogstklasse 4 og 5. Dokumenterte areal forvalta etter standarden Biologisk viktige område og skogareal verna etter Naturvernlova, tel med her.

## 20. Skogsveggar

Kravpunktet skal sikre at skogsveggar blir bygde på ein slik måte at ein får gode skogbruksmessige løysingar samtidig som miljømessige tilhøve blir tatt vare på.

### KRAV OG REGLAR

Ved planlegging og bygging av skogsveggar skal ein ta omsyn til friluftsliv og miljøverdiar, i tillegg til dei reint skogbruksmessige og anna næringsmessige arealbruk. Ein skal ikkje byggje veg i skog som blir forvalta etter kravpunktet Biologisk viktige område.

Traséval og vegstandard skal ein planleggje slik at naturinngrepa blir minst mogleg. Lineføringa skal i størst mogleg grad bli tilpassa landskapet, og vegen skal ein byggje lett i terrenget.

Ved planlegging av nye veganlegg skal skogeigar dokumentere at ein unngår vegbygging over område med registrert spesiell miljøverdi. I større samanhengande skogareal som har spesiell verdi for miljøvern og friluftsliv i kraft av lite omfang av tekniske inngrep, skal ein freiste å unngå nye veganlegg. Det same gjeld vegbygging i klasse 3-områder i arealdelen av kommuneplanen for varig verna vassdrag.

I marginale skogstrok der anna bruk av areala enn reint skogbruk er av vesentlig tyding, skal ein prioritere enkle vegløyningar som traktorveggar og vinterbilveggar.

---

## 21. Sprøyting

Generelt sett er sprøyting i skog uønska. Kravpunktet skal sikre at sprøyting med plantevernmiddel i skog berre blir nytta der det er klart meir effektivt enn mekaniske metodar og at det samtidig ikkje er i konflikt med landskapskvalitetar og opplevingsverdiar.

### KRAV OG REGLAR

Ut frå eit føre-var-prinsipp skal sprøyting gjerast ut frå ein streng praksis. Behovet skal ein redusere i størst mogleg grad ved variert bruk av ulike hogstformer og skogkulturmetodar. Der dette ikkje fører til ønska resultat, kan ein sprøyte når dette

er klårt meir effektivt enn mekaniske metodar for å hindre vokster av gras-, urte- og lauvvegetasjon som hindrar ønska forynging.

Sprøyting skal ikkje finne stad på vegetasjon som i gjennomsnitt er meir enn 2 meter høg.

I mye brukte friluftslivområde skal ein leggje vekt på at landskapskvalitetane og opplevingsverdiane knytte til eit variert innslag av lauvtre ikkje blir redusert vesentleg av tiltaket.

#### FORKLARINGAR

Med sprøyting meiner ein spreing av plantevernmiddel som eit skogkulturiltak.

---

## 22. Terrengtransport

Kravpunktet skal sikre at ein minkar terrengskadane, og at utbetring skjer så raskt som mogleg.

#### KRAV OG REGLAR

Ved terrengtransport skal ein leggje vekt på å unngå terrengskadar som er skjemmaende og som kan forårsake vassavrenning og erosjon.

I område med mye mark med dårlig bereevne og der faren for terrengskadar er stor ved drift i sumarhalvåret, skal utdrift av tømmer helst finne stad på frosen eller godt snødekt mark.

Det skal primært ikkje skje terrengtransport i område som er sett av som biologisk viktige område.

Stiar og løyper, samt vegar av kulturhistorisk interesse, skal ein ikkje nytte som kjøretrasé der det er praktisk mogleg å unngå dette. Unntatt er stiar og løyper som er lagde i allereie opparbeidde kjøretrasear for skogdrift og til friluftsmål. Det kan òg bli gjort unntak frå hovudregelen for å unngå dobbeltrasear og alternative utdriftstrasear som vil ha større negative konsekvensar for miljøet og friluftslivet.

Hjulspor som fører til vassavrenning og erosjon, kjøreskadar i stiar og løyper og andre vesentlege skader, skal ein utbetre så snart fukttilhøva gjer dette praktisk mogleg etter at ein har slutta å bruke utdriftstraseen.

---

## 23. Fordeling av treslaga

Kravpunktet skal sikre at samansetjinga av treslaga tar vare på både økonomiske og miljømessige tilhøve.

### KRAV OG REGLAR

Samansetjinga av treslaga skal ein tilpasse dei eigenskapane ein finn på voksterstaden. Der jordbotn og klimatiske tilhøve ligg til rette for det, skal ein søkje å få til eit betydeleg innslag av lauvtre med eigne lauvtrebestand, lauvtre i grupper og som einskilde tre, medrekna gamle, grove lauvtre. Der tilhøva ligg til rette for det, skal ein søkje å få til ei blanding av gran og furu.

På eigedomsnivå skal 10 % av sum kubikkmasse i hogstklasse 3, 4 og 5 vere retningsgjevande for innslaget av lauvtre.

Norske treslag som er sjeldsynte i området, skal ein ta vare på og/eller fremje ved skogbruksiltak.

---

## 24. Miljøinformasjon

Kravpunktet skal sikre at ein er open om grunnlaget for vedtak og praktiseringa av Levende Skog.

### KRAV OG REGLAR

Krav om miljøinformasjon etter Miljøinformasjonslova om data frå miljøregistreringar eller anna type miljøinformasjon knytt til forvaltninga av skogressursane på eigedomen, skal ein gi når det blir kravd.

## OVERVAKING

Ved gruppesertifisering skal eit samandrag av revisjonsrapportane som syner dei ulike miljøavvik og observasjonar som er funne, vere offentleg tilgjengelige. Revisjonsrapporten skal vere arbeidd ut av ekstern revisor.

---

## 25. Samisk rett

Kravpunktet skal sikre at samisk rett blir tatt vare på der det blir drive skogbruk.

### KRAV OG REGLAR

Skogeigar skal respektere og ta omsyn til samisk rett. Dersom ein finn samisk rett på eigedomen, skal desse bli tatt vare på.







Design: Runhild Dammen. Foto: Gjermond Dammen, Nils Stenseth, Anders Hals, Rune Groven.

[www.levendeskog.no](http://www.levendeskog.no)